

## **HANDLINGSPLAN FOR BRYNE KUNSTFORENING 2020 – 2021**

Bryne kunstforening (BKF) har til føremål å fremja interesse for visuell kunst gjennom utstillingar, ulike arrangement og prosjekt. BKF skal vera ein aktiv og kvalitetsorientert aktør på kunstfeltet og søka samarbeid med aktørar som arbeider med andre kunstnarlege uttrykk. I 2020-21 skal etableringa av kunstnarleg råd bidra til å styrka BKFs kunstnarleg profil.

Kunstforeininga skal primært stilla ut arbeid av profesjonelle kunstnarar som møter eit eller fleire av følgjande kriterier:

- Kunsthfagleg utdanning på bachelor-nivå eller høgare
- Delteke i anerkjent juriert utstilling
- Medlem av kunstnarorganisasjon som har kunsthfaglige opptakskriterier

Kunstnarane kan hentast frå heile verda, men det er eit mål å visa utstillingar av lokale og regionale kunstnarar kvart år. BKF sin utstillingsprofil skal spegla mangfold innan teknikkar og uttrykk. Det er eit mål å visa arbeid av unge kunstnarar og nye uttrykksformer, kunst som fangar nye trendar, er samfunnsaktuell og skaper debatt.

Deler av utstillingsprogrammet skal fastleggast i god tid slik at kunstnarane kan laga verk og utstillingsopplegg spesielt for BKFs galleri eller andre visningsstader BKF ønskjer å ta i bruk.

BKF har eit ønske om å nå betre ut til yngre vaksne, dette skal gjenspeglast i utstillings- og arrangementsprogrammet.

BKF skal tenkja økonomi i utstillingsprogrammet – om kunsten er salbar er eit kriterium i tillegg til dei kunsthfaglege. Også arrangement skal ein forsøka å forma slik at dei kan gje inntekter til foreininga. Foreininga vil arbeida aktivt for å søka lokal og økonomisk støtte til utstillingar og andre prosjekt.

Styret i BKF har som mål å halda seg oppdatert på det som rører seg innan kunstfeltet og fortløpende oppdatera sin kunsthfaglege kompetanse.

BKF skal vera medlem i Norske kunstforeninger og Rogaland fylkeskunstlag.

### **Aktuelle oppgåver 2020-21**

- Fastsetja og utstillings- og arrangementsprogram og gjennomføra det saman med ressursgruppa
- Etablera av kunstnarleg råd og utvikla nye rutinar for arbeid med utstillingsprogram
- Videreutvikla ny heimeside og utnytta potensialet i sosiale medier
- Laga plan for forvalting av BKF si kunstsamling og følga opp planar for magasin på loftet
- Laga opplegg og materiell for rekruttering av nye medlemmar.
- Ha jevnleg kontakt med lokale kunstnarar for å diskutera mogleg samarbeid på kort og lang sikt.

## **Utstillingar 2020 og vidare**

24.1- 24.2.	Kenneth Varpe / Fluid Pose - Samarbeid med Garborgdagane.
7.3 – 5.4.	Grethe Unstad, Brit Bøhme og Anne K Wille / Respectare
September	Tom Galta og Kai Arne Kirkebø / Foto og teikning
Oktober	Odd Sama / Keramikk og foto
November	Auksjon med verk frå samling og inviterte lokale kunstnarar.
Januar 2021	Gunnar Torvund – Samarbeid med Garborgdagane. Dialog med Helge Torvund og borna som forvalter Gunnar Torvunds verk.
Februar	Frits Røed og Villa Faraldi-kunstnarar. Dialog med Bærum kunstforening, tidspunkt ikkje avklart.
Mars/April	Hanne Sigbjørnsen (Tegnehanne) og Kirsten Opstad / Teikneserie og maleri. Dialog med kunstnarane, usikkert tidspunkt.
Mai 2021	Øyvind Johnsen / Video og foto
Våren 2022	Turid Steinsland / Tekstil
Hausten 2022	Berit Marie Friestad / Maleri. Dialog med kunstnaren

## **Arrangement**

24.1	Kunstnarsamtale mellom Kenneth Varpe og Helga Nyman ved Rogland Kunstsenter
7.3	Kvífor er kunst viktig. Foredrag av Natasja Askelund
Januar 2021	Helge Torvund om Gunnar Torvunds kunst. Sidearrangement til utstillinga med Gunnar Torvund. Samarbeid med Garborgdagane

Styret vil arbeida for å få til andre arrangement enn dei som er lista her.